



Norske Felleskjøp SA

Prognose for tilgang av norsk korn for sesongen 2019/2020

14. november 2019

Marknadsreguleringa i kornsektoren har som formål å sikre omsetninga av norsk korn og skape balanse i kornmarknaden i Norge. Norske Felleskjøp skal legge til rette for at alt norsk korn kan bli brukt best mogleg i samsvar med kvaliteten på kornet. Sentrale verkemiddel er tiltak mot periodiske overskott og råd til Landbruksdirektoratet om nødvendig supplering av importerte råvarer. Prognosar er grunnlaget for desse tiltaka og råda.

Tilgangsprognose for norsk korn

Norske Felleskjøp sin prognose pr. november for tilgang av norsk korn er basert på analyse av historisk tilgang mot leveransar så langt i inneverande sesong. Vi gir følgjande prognose om forventa tilgang av norsk korn til engrosmarknaden i kornåret 2019/2020:

Tilgang norsk korn (tonn)

	Gjennomsnitt 2014-18	Tilgang 2018	Prognose 2019	Prognose ifht siste 5 år	Prognose ifht siste år
Matkveite	165 000	84 400	207 000	125 %	245 %
Førkveite	164 000	42 200	234 000	143 %	555 %
Kveite i alt	329 000	126 600	441 000	134 %	348 %
Matrug	21 000	2 400	15 000	71 %	625 %
Fôrrug/rugkveite	16 000	5 300	35 000	219 %	660 %
Rug i alt	37 000	7 700	50 000	135 %	649 %
Bygg	507 000	408 900	539 000	106 %	132 %
Havre	259 000	146 700	220 000	85 %	150 %
Korn totalt	1 132 000	690 000	1 250 000	110 %	181 %
Erter	3 000	2 700	4 000	133 %	148 %
Oljefrø m.m.	10 000	7 200	15 000	150 %	208 %
Korn, erter, oljefrø	1 145 000	699 900	1 269 000	111 %	181 %
Matandel kveite	50 %	67 %	47 %		
Matandel rug/rugkveite	57 %	31 %	30 %		

(Kjelde historiske data: Landbruksdirektoratet)

Prognosen tilseier at tilgangen av korn og proteinvekstar er 42 000 tonn lågare enn prognosert i september. Tilgangen av oljefrø, åkerbønner og lupinar er justert vesentleg opp, frå 7 000 tonn.


Kvaliteten på den norske matkveiten

Landbruksdirektoratet har gitt data for proteininnhald i korn som er avrekna pr. veke 45. Proteininnhaldet er om lag som i tidlegare år, men lågare enn i 2018.

Nofima/NMBU har undersøkt kvaliteten på matkveiten denne sesongen. Matmjølmøllene har utført baketestar. Oppsummert viser undersøkingane av årets matkveite følgjande hovudtrekk:

- *Haustkveiten er av god kvalitet samanlikna med tidlegare år, men bakeresultata er førebels usikre*
- *Vårkveiten er av god kvalitet*

Det er registrert lite DON i kornet også denne sesongen. Det er normalt meir DON i havre enn i andre kornslag, men figuren viser at nivået i år er lavt – om lag som dei seinare åra. Nesten 90 % av havren har nivå under deteksjonsgrensa:



Fordeling av tilgangen

Matkveite blir fordelt i klassar etter eigenskapane til proteinet med tanke på bakeevne. Det er viktig for matmjølmøllene å ha ei god fordeling mellom klassane og den store tilgangen av haustkveite (klasse 4 og 5) gir større tilgang av desse kvalitetane enn møllene kan bruke. Det er i tillegg til proteinkvalitet, viktig at det er tilstrekkeleg mengde protein i matkveiten.

Matkveiten er for denne sesongen prognosert med følgjande klassefordeling og innhald av protein:

Fordeling av matkveiten (tonn)

	Matkveite-tilgang	Matkveite-tilgang	Prognose regulering	Forbruk	Fordeling etter regulering	Protein-%
Klasse 1	37 000	18,0 %	-	37 000	29 %	14,0 %
Klasse 2	8 000	3,9 %	-	8 000	6 %	14,0 %
Klasse 3	32 000	15,6 %	-	32 000	25 %	13,5 %
Klasse 4	56 000	27,3 %	(11 000)	45 000	35 %	12,7 %
Klasse 5	72 000	35,1 %	(67 000)	5 000	4 %	12,7 %
I alt	205 000	100,0 %	(78 000)	127 000	100 %	13,1 %

Tabellen under gir oversikt over bruken av tilgjengelig norsk korn til ulike formål:

Fordeling av norsk korn mellom matkorn og fôrkorn (tonn)

Kornbalanse (tonn)	Matkveite	Matrug	Fôr-kveite	Fôrrug	Bygg	Havre	Fôrkorn
Overlagra til sesong	0	0	0	0	0	0	0
Prognosert ny tilgang	207 000	15 000	234 000	35 000	539 000	220 000	1 028 000
Matkorn til fôr/fôrkorn til mat	-2 000		2 000		-3 000	-15 000	-16 000
=Tilgang	205 000	15 000	236 000	35 000	536 000	205 000	1 012 000
Omdisponering	-67 000	0	67 000	0			67 000
=Netto tilgang	138 000	15 000	303 000	35 000	536 000	205 000	1 079 000
-Prognosert forbruk	127 000	15 000	303 000	35 000	536 000	205 000	1 079 000
=Balanse	11 000	0	0	0	0	0	0


Omdisponeringa av matkveite til fôr i tabellen over, er overskott av klasse 5 som det heller ikkje vil vere marknad for til mat etter sesongen 2019/2020. Delar av overskottet, 20 000 tonn, er fordelt for omdisponering til fôr i september. Elles er rommet for norsk fôrkorn omtalt nedanfor, i avsnittet om import av karbohydratråvarer.

Det prognoserte overskott av matkveite etter omdisponering er overskott av klasse 4. Norske Felleskjøp legg førebels til grunn at dette bliir overlagra for bruk som matkorn i 2020/2021.

Forbruksprognose

Matkorn

Utviklinga i foredling av matkorn er vist i figuren under. Den norske marknaden for matkveite er fallande, medan foredlinga av grynhavre aukar:



Prognosen for forbruk av matkorn nedanfor er basert på forbruksstatistikk til og med september 2019. I prognosen er trendutviklinga i dei tre siste sesongane lagt til grunn:

Matkornforbruk pr kornsesong (tonn)					
Sesong	Kveite	Rug	Bygg	Havre	Sum
2014/2015	274 945	22 124	3 187	30 888	331 144
2015/2016	276 701	21 122	3 517	30 281	331 621
2016/2017	279 211	21 177	3 232	30 145	333 765
2017/2018	273 813	22 080	3 450	35 727	335 070
2018/2019	268 146	19 897	3 284	35 128	326 455
Prognose 19/20	263 000	20 000	3 000	37 000	323 000

(Kjelde for historiske data: Landbruksdirektoratet)

Kraftfôr

Forbruksprognosane for fôrkorn baserer seg på registrert sal av kraftfôr til og med 3. kvartal i år. Vidare er og produksjons- og salsprognosar for husdyrprodukt brukt opp mot trend for forbruk av kraftfôr pr. kg husdyrprodukt.

Nedtrappinga av mjølkeproduksjonen som følgje av stans i eksporten av Jarlsberg, vil slå inn i behovet for kraftfôr. Tine prognoserer fall i mjølkeleveransane frå 1 520 mill. kg mjølk i 2018 til 1 480 i 2019 og til 1 450 i 2020. Produksjonen av storfekjøtt er av Nortura endra frå 89 000 tonn i 2018 til 86 000 tonn i 2019 og 87 000 tonn i 2020.

Effekten på forbruket av kraftfôr vil også avhenge av utviklinga i yting pr. dyr og Norske Felleskjøp har lagt til grunn at hovudtrekka i utviklinga dei seinare åra vil halde fram. For drøvtyggarar er det sett bort frå forbruket av kraftfôr pr. kg kjøtt og mjølk i 2018/2019 i trendfastsettinga, sidan forbruket

den sesongen var ekstraordinært prega av sterkt avvikande tilgang til grovfôr. Trenden viser auka forbruk av kraftfôr pr. kg produkt for drøvtyggarar. Tine legg også auka yting av mjølk til grunn i sine prognosar for 2019, men med utflating i 2020.

Forventa omsetning frå og med 4. kvartal i år og til og med 3. kvartal neste år er prognosert under:

Kraftfôromsetning per kornsesong (tonn)					
	Drøvtyggar	Svin	Fjørfe	Anna	Sum
4K14 - 3K15	1 010 312	495 779	426 925	22 386	1 955 402
4K15 - 3K16	1 012 834	498 346	436 699	19 094	1 966 973
4K16 - 3K17	1 004 677	491 545	458 736	16 823	1 971 781
4K17 - 3K18	1 053 443	487 750	444 983	16 753	2 002 929
4K18 - 3K19	1 095 611	462 859	470 179	16 882	2 045 531
4K19 - 3K20	1 031 000	461 000	470 000	17 000	1 979 000
Endring	-5,9 %	-0,4 %	0,0 %	0,7 %	-3,3 %

(Kjelde for historiske data: Landbruksdirektoratet)

Behovet for karbohydratråvarer blir prognosert med utgangspunkt i prognosert omsetning av kraftfôr. Andel karbohydrat i kraftfôr har falle over lang tid først og fremst til fordel for proteinråvarer. Kornsesongen 2018 ga norsk korn med høgt innhald av protein og importen av proteinråvarer gjekk ned. Andelen karbohydrat totalt i kraftfôr gjekk difor opp. I 2019 har kornet lågare proteininnhald enn i 2018 og det er grunn til å forvente reduksjon i karbohydratandelen. I prognosen er lagt til grunn 70,5 % karbohydrat i kraftfôret i sesongen 2019/2020. Registrert utvikling er illustrert i figuren under:



Lisensiert MUL-import av kraftfôr til husdyr er lagt inn som korleksjon av forbruket av norskprodusert kraftfôr. Dette gir følgjande behov for karbohydratråvarer til kraftfôr i norsk kraftfôrindustri:

Forbruk av karbohydratråvarer (tonn)		
Forbruk		
Kraftfôrsal	1 979 000	
Importert kraftfôr	-2 000	
Andel karbohydratråvare	70,5 %	
Behov karbohydratråvarer		1 394 000
-Tilgang av kli frå norske matmjølmøller		59 000
Behov for karbohydratråvarer eksklusiv kli i kraftfôr		1 335 000

Import av råvarer for å supplere tilgangen av norsk korn


Import av matkorn og av karbohydratråvarer til kraftfôr blir fordelt av Landbruksdirektoratet gjennom auksjonar i august, november og mai. I august kan fordelast 25 – 55 % av prognosert import, i november 50 – 80 % av oppdatert prognosert importbehov og resten i mai etter oppdatert prognose. Ekstra kvoter kan bli fordelt utanom ordinære tildelingstidspunkt.

Importbehov matkorn

Importkvoten for matkorn vert gitt som ei samla kvote. Som grunnlag for tilråding om den samla importkvoten er suppleringsbehovet for dei enkelte kornslaga vurdert for seg.

Havre til gryn

Grynhavre for foredling i Norge utgjer ein relativt liten del av samla tilgang av norskprodusert havre. Tilgangen av økologisk grynhavre er normalt ikkje tilstrekkeleg til å dekkje forbruket. I enkelte sesongar har det i tillegg vore vanskeleg å skaffe norsk konvensjonell grynhavre. Figuren under viser prognosert importbehov og registrert import:



Havre hausta i 2019 er av svært svak kvalitet på grunn av vêrskade. Det vil vere behov for å importere mesteparten av behovet for grynhavre.

Suppleringsbehov

Ut frå prognosert totalt forbruk av matkorn og prognosert tilgang av norskprodusert matkorn, vil det vere trong for følgjande supplerande import av matkorn i sesongen:

Importbehov matkorn (tonn)					
	Kveite	Rug	Bygg	Havre	Sum
Forbruksprognose	263 000	20 000	3 000	37 000	323 000
Norsk matkorn	127 000	15 000	3 000	15 000	160 000
Underdekning matkorn	136 000	5 000	0	22 000	163 000

Av totalt forbruk av matkorn i Norge vil andelen norsk med dette bli 50 % i sesongen.

Behov for kvote for import av matkorn

Ved fastsetting av kvote for import med redusert toll skal det takast omsyn til import frå MUL-land og til særskilt avtalte kvoter med andre land. Det er ikkje søkt om GSP-lisensar for import av matkorn. Det er lagt til grunn at durumimporten kan skje innanfor bilateralt avtalte kvotar og kvantumet er sett likt sist kjende kalenderår. Dette tilseier følgjande kvote:

Prognosert suppleringsimport matkorn, november 2019 (tonn)	
Prognosert importbehov, sesong	163 000
- Import under kvoter for durumkveite	-1 200
Suppleringsimport inklusive MUL-import	161 800
Importbehov desember-mai inklusive MUL-import	80 % 129 000
- Tildelt importkvote i august	-46 000
- Lisensiert nulltollimport frå MUL-land	0
Prognosert suppleringsbehov med administrert toll	83 000

Importbehov for karbohydratråvarer til kraftfôr

Minumums import av karbohydratråvarer

Minumumsbehovet for import av karbohydratråvarer er prognosert etter same modell¹ som i prognosen i august:

Minimusbehov for import av karbohydrat (tonn)	Minimum	Robust
Minstekvote for auksjon i sesongen	138 000	184 000
+ Kvoter for mais og maisgrits - EU	25 000	25 000
+ Kvote for roemelasse - GSP	40 000	40 000
+ MUL; importert og lisensiert import rest av sesong	3 000	3 000
Minimumstilgang til import i sesongen	206 000	252 000

¹ Jamfør Norske Felleskjøp sin rapport «Rom for bruk av norsk korn» av 01.12.2017

Rommet for bruk av norsk fôrkorn er etter dette 50 000 tonn større enn den aktuelle tilgangen:

Rom for norsk korn (tonn)	Minimum	Robust
Totalt behov for karbohydrat	1 335 000	1 335 000
Minimumsbehov for import i sesongen	-206 000	-252 000
Teoretisk rom for norsk fôrkorn	1 129 000	1 083 000

Behov for supplering av importerte karbohydratråvarer

Supplerende import for å skaffe tilstrekkeleg karbohydratråvarer til kraftfôr blir gjort tilgjengeleg ved fordeling av kvoter for import med ein tollsats som kostnadmessig likestiller norsk og importert vare. Basert på prognosert tilgang av norskprodusert fôrkorn og prognosert samla forbruk av karbohydratråvarer prognoserer vi importbehovet. Den føresette bruken av norsk korn følgjer av ei vurdering av kravet til minimumsimport i tabellen over og den faktiske tilgangen som er vist under avsnittet Fordeling av tilgangen side 2:

Suppleringsbehov karbohydratråvarer (tonn)		
Karbohydratråvarer eksklusiv kli i kraftfôr		1 335 000
Rom for norsk fôrkorn	1 129 000 tonn	
Aktuell tilgang av norsk fôrkorn	1 079 000 tonn	
Norsk korn tilgjengeleg til kraftfôr etter svinn *) **)		-1 066 000
Underdekning av karbohydratråvare totalt		269 000

*) Korreksjon for anna bruk av karbo 2 200 tonn **) Svinn 1,0 %

Avtalte importkvotar

For ein del av råvarene til kraftfôr er det fri tilgang til lisensiert tollfri import frå MUL-land. Denne importtilgangen blir stort sett utnytta og importerte og lisensierte kvanta blir trekt ut før tilråding av kvoter som blir tildelt på auksjon. For perioden 01.08.2019 – 7.11.2019 er det ikkje importert karbohydratråvarer frå MUL-land. Det er gitt lisensar for import av 3 000 tonn kraftfôr for perioden 7.11.2019 - 24.04.2020.

EU er gitt tilgang til tollfri eksport av 15 000 tonn mais og 10 000 maisgrits til Norge pr. år. GSP-land er gitt ei kvote til Norge på 40 000 tonn tollfri melasse til dyrefôr pr. år.

Behov for kvote for import av karbohydratråvarer med administrert toll

Norske Felleskjøp prognoserer følgende suppleringsbehov i form av importkvote for karbohydratråvarer ved auksjonen i november.

Prognosert suppleringsimport karbohydrat, november 2019 (tonn)	
Prognosert behov for import i sesongen	269 000
- Kvoter for mais og maisgrits - EU	-25 000
- Kvote for melasse - GSP	-40 000
Korreksjon for ubrukte MUL-lisensar i siste kvoteår	0
Suppleringsimport inklusive MUL-import	204 000
Importbehov des-mai inklusive MUL-import	80 % 163 000
- Tildelt importkvote i august	-83 000
- MUL; import august-november og lisensar november-april	-3 000
Prognosert suppleringsbehov med administrert toll	77 000

Andelen norsk korn av karbohydratdelen eksklusiv kli er med dette 80 %. Av totalt kraftfôr utgjør norsk korn og kli 57 %.

Behovet for importkvote for oljefrø til kraftfôr

Suppleringsimport av oljefrø vert fordelt på auksjonane i august og november. Eventuell forventet import frå MUL-land går utanom desse kvotane. Vi har estimert andelen av åkerbønner av den prognoserte tilgangen av oljefrø, åkerbønner og lupinar til 29 %.

Prognosen tilseier ein sterk auke i tilgangen av oljefrø samanlikna med prognosen i august. Dette gir følgende balanse for oljefrø:

Importbehov oljefrø 2019/2020	
Forbruk til kraftfôr	8 000
- Tilgang norsk oljefrø	-11 000
+ Forbruk til matolje	1 400
Importbehov oljefrø	0

I august vart det lagt ut suppleringskvote for 4 000 tonn oljefrø og det er ikkje behov for meir import. Av tildelt kvote vart 2 500 tonn kjøpt på auksjonen i august.

VEDLEGG

Tilgang korn historisk og prognosert (tonn)

	Matkveite	Førkveite	Total	Matrug	Førrug og rugkveite	Total rug/ rugkveite
2004/05	336 060	55 818	391 878	33 192	5 811	39 003
2005/06	355 252	22 663	377 915	25 872	7 563	33 434
2006/07	219 365	120 726	340 091	19 940	4 690	24 630
2007/08	303 085	78 421	381 506	25 080	13 226	38 305
2008/09	128 406	305 198	433 604	20 016	26 657	46 673
2009/10	86 290	177 773	264 064	8 961	17 996	26 957
2010/11	184 820	127 429	312 249	16 182	17 120	33 301
2011/12	40 504	229 783	270 287	4 747	11 478	16 225
2012/13	174 164	84 459	258 623	2 853	2 025	4 878
2013/14	171 406	26 345	197 741	11 700	949	12 649
2014/15	218 538	152 437	370 976	31 266	6 764	38 030
2015/16	147 783	325 024	472 806	36 599	29 524	66 123
2016/17	224 867	65 522	290 389	13 457	9 529	22 987
2017/18	148 389	235 715	384 104	20 925	28 852	49 777
2018/19	84 394	42 232	126 626	2 438	5 319	7 757
13. august	253 000	175 000	428 000	17 000	29 000	46 000
9. september	228 000	236 000	465 000	18 000	32 000	50 000
Prognose	207 000	234 000	441 000	15 000	35 000	50 000

Tilgang korn (tonn)

	Bygg	Havre	Sum korn	Erter	Oljefrø, åkerbønner, lupiner	Rug-kveite ¹⁾
2004/05	599 521	353 222	1 383 624	2 476	12 237	642
2005/06	557 297	264 385	1 233 032	3 400	11 220	223
2006/07	508 919	233 840	1 107 480	5 934	9 519	49
2007/08	456 091	260 427	1 136 329	8 691	8 966	67
2008/09	528 749	310 348	1 319 374	6 590	9 722	353
2009/10	447 484	268 224	1 006 728	6 818	6 819	248
2010/11	512 424	287 128	1 145 102	6 445	10 165	466
2011/12	462 313	219 982	968 807	2 272	8 577	116
2012/13	541 984	219 864	1 025 348	1 869	11 315	184
2013/14	481 412	212 421	904 222	963	6 015	413
2014/15	499 483	270 309	1 178 797	2 087	9 648	1 262
2015/16	479 308	269 156	1 287 394	3 535	10 403	3 926
2016/17	601 722	339 272	1 254 370	5 070	11 450	3 861
2017/18	544 725	269 813	1 248 420	3 762	10 226	17 058
2018/19	409 082	146 671	690 137	2 729	7 238	4 704
13. august	551 000	248 000	1 273 000	3 000	6 000	
9. september	544 000	242 000	1 301 000	3 000	7 000	
Prognose	539 000	220 000	1 250 000	4 000	15 000	

Kjelde for historiske data: Landbruksdirektoratet

¹⁾ Blir rekna som førrug i statistikk og prognose

Arealutvikling

Førebelse tal frå Landbruksdirektoratet tyder på ein nedgang i kornarealet frå 2018:

Arealfordeling 2014 - 2019 (dekar)							Endring frå 2018	Endring frå august
	2014	2015	2016	2017	2018	2019		
Haustkveite	205 474	375 711	114 213	302 794	98 955	423 000	324 000	(27 000)
Vårkveite	585 034	480 096	552 434	453 771	485 764	375 000	-111 000	4 000
Kveite	790 508	855 807	666 647	756 565	584 719	798 000	213 000	(23 000)
Rug, rugkveite	60 846	104 104	45 460	83 628	33 166	92 000	59 000	15 000
Bygg	1 259 617	1 225 484	1 367 167	1 341 631	1 470 877	1 293 000	-178 000	(11 000)
Havre	714 966	629 935	758 377	672 555	694 062	546 000	-148 000	(37 000)
Korn	2 825 937	2 815 330	2 837 651	2 854 379	2 782 824	2 729 000	-54 000	-56 000
Oljefrø, åkerbønner	40 999	34 707	41 301	23 002	32 523	34 000	1 000	4 000
Korn/oljeverkstar	2 866 936	2 850 037	2 878 952	2 877 381	2 815 347	2 763 000	-52 000	-52 000

Kjelde for historiske data: Landbruksdirektoratet

Avlingsnivå

Avling, kg/dekar

Kornslag	2014	2015	2016	2017	2018	Ti års snitt	Prognose 2019	I forhold til 2018	I forhold til ti års snitt
Kveite	492	574	465	533	241	429	574	238 %	134 %
Rug	625	635	509	597	362	468	544	150 %	116 %
Bygg	420	414	465	431	274	375	443	162 %	118 %
Havre	396	452	473	430	220	369	429	195 %	116 %
Totalt korn	439	479	468	463	255	390	482	189 %	123 %
Oljefrø, åkerbønner	199	240	216	294	148	194	269	181 %	139 %

Minste behov for import i følgje NFK-rapport av 01.12.2017

Importvurdering karbohydrat (tonn)	Rapport 01.12.2017		Aktuell sesong	
	Minimum	Robust	Minimum	Robust
Kraftföromsetning	1 971 781		1 979 000	
Behov for betepulp/roesnittar	75 000	90 000	75 000	90 000
Behov for mais	50 000	70 000	50 000	70 000
Behov for melasse	60 000	60 000	60 000	60 000
Behov for økologisk vare		15 000	15 000	15 000
Behov for kveite	200 000	250 000	201 000	251 000
Behov for fiberråvare	50 000	70 000	50 000	70 000
Minimums behov for essensielle karbohydratråvarer	435 000	555 000	451 000	556 000
Norsk förkveite	-200 000	-250 000	-201 000	-251 000
Norsk kli	-50 000	-50 000	-50 000	-59 000
Korreksjon for ubrukte kvoter førre kvotesesong	0	0	0	0
Suppleringsbehov karbohydratråvare	185 000	255 000	200 000	246 000
Tilgang karbo gjennom bilaterale kvoter (tollfritt)	-65 000	-65 000	-65 000	-65 000
Tilgang kli via MUL-import (tollfritt)	3 000	3 000	3 000	3 000
Minimumskvoter til auksjon	123 000	193 000	138 000	184 000

Presisjonsnivå i prognosane

Erfart presisjonsnivå i prognosane for ulike tidspunkt i siste femårsperioden er vist under:

Avvik mellom prognoserte og registrerte kvanta 2014-18				
		Snitt absoluttverdiar		
		August- prognose	November- prognose	Mai- prognose
Tilgang	Kveite	12 %	2 %	1 %
	Bygg	13 %	3 %	0 %
	Havre	8 %	2 %	0 %
	Korn	9 %	2 %	0 %
Forbruk	Drøv	4 %	4 %	1 %
	Svin	2 %	3 %	2 %
	Fjørfe	5 %	5 %	1 %
	Kraftfôr	1 %	1 %	1 %
Forbruk	Matkveite	1 %	1 %	2 %
	Grynhavre	7 %	8 %	9 %
	Matkorn	1 %	1 %	1 %